



Sigrun og Egil Erslund er på plass med SY ÆGIR på Hardanger Trebåtfestival i Norheimsund.

Sigrun og Egil Erslund på SY ÆGIR er heime att frå Hardanger Trebåtfestival i helga. Det var 5. gongen dei var med på den tradisjonelle trebåtsamlinga i Norheimesund, som i 2019 har vore skipa til i 21 år. Sigrun og Egil med Collin Archer skøyta ÆGIR vert frå arrangøren spurt om å koma til Norheimsund. Dei får ei sentral og synleg plassering i hamna like ved scenen og publikumsplassen. Påmeldinga i år var på 42 skuter.

SY ÆGIR er 40 fot og er rigga med Bermudarigg, ikkje gaffelrigg. Det gjer at det er enklare å segla skuta med lite mannskap. Fartyet seglar godt. Det står ein 6 sylindra Perkins 115 HK i ÆGIR som gir ein marsjfart på 7 knop.

Å eiga og drifta ei farty som dette er eit livsverk. Det heile starta i 1985 med å gå på skogen å finna høveleg materiale. Oppspantinga tok til i 1990 og fartyet var klar for sjøsetjing i 1996. Dei fyrste åra vart ÆGIR brukt som motorskøyte utan rigg. Alt innredningsarbeid har Egil gjort sjølv. Det gjeld også arbeidet med bysso, listing, dører, skåp og elles mange detaljar som gjer skuta til eit smykke ut- og innvending. Sigrun har mellom anna stått for syning av puter og elles alt arbeidet med tekstil. Det er montert truster (baugpropell) og moderne navigasjonsutstyr.



SY ÆGIR, Uskedalen, riggar fint og er godt synleg i hamna.

Alt spant kjem frå Kristian Djupevåg. Det er brukt laminert hud noko som gjer at ÆGIR er svært sterk og solid i skroget. Utvending er det brukt to komponent oljemåling. Alt treverk og dekk er behandla med Colan, eit tysk stoff som fungerer som ein lim og held treverket like fint over mange år. Riggen er laga på Oma båtbyggeri på Stord. ÆGIR er norrønt og tyder Havets hersker.

Sigrun og Egil Ersland brukar skøyta ofte, på kysten frå Ålesund i nord til Stavanger i sør. Det neste på seglingsplanen er tur til Telavåg og Glesvær.

Hardanger Trebåtfestival er godt organisert. Alle skuteeigaren vert kvar dag samla til skippermøte. På kveldane er det felles middag for nær på 100 gjester.

Trebåtfestivalen i Norheimsund er for alle typar trefarty, opne og lukka farty, snekker, sjarkar, færingar, kyrkjebåtar, plattgatter, lystfarty og større jekter. Kravet er trebåtar. Dei som kjem med plast, vert ikkje avvist, men dei må liggja i ei anna hamn.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



ÆGIR er bygd på det som var Gullvik Båtbyggeri. Difor høver det godt med eit byggeskilt frå den tid Gustav Bergstø dreiv båtbygging i Gullvikjo.